

# Fortalte historier om besteforeldre

Elevane ved introduksjonstenesta fekk prøve seg som forteljarar.

■ VIDAR ELIASSEN

Anne Elisebeth Skogen frå Sand jobbar som profesjonell forteljar, dramalærar og kurshaldar. Måndag og tysdag heldt ho kurs i forteljing for drygt 20 elevar frå introduksjonstenesta i Sauda. Kurset kulminerte med ei hyggeleg framsyning i kommunestyresalen, der eit invitert publikum fekk høyre historiene til dei ferske forteljarane.

## Først i fjar

Ideen om eit slikt kurs dukka første gong opp i fjar. Skogen blei spurta om å halde eit kurs for elevane ved introduksjonstenesta i Suldal. Ho hadde derfor litt erfaring då ho sa seg villeg til å halde eit tilsvarande kurs i Sauda. Skogen seier at ho var

spent på korleis kurset ville utvikle seg. Eigentleg skulle forteljingane til elevane ta utgangspunkt i ulike bilete frå ein tur dei hadde til Gullingen i juni. Det viste seg å ikkje vere så lett.

## Eigen barndom

Det var først når ho sjølv fortalte ei historie om si eiga bestemor at det løyste seg.

– Då forstod eg at det var vegen å gå. Alle har eit forhold til eige liv og opplevingar. Å bruke seg sjølv blir på eit vis å gå tilbake til det ufarlege. Eg såg at det var lettare for elevane å fortelje om besteforeldra sine, og eg såg at det var noko som verkeleg engasjerte dei, seier ho, og føyer til at elevane først fortalte historia på morsmålet før dei fekk prøve seg på norsk.

## Utfordring

Kurshaldaren synest at det har vore givande å jobbe med gruppa frå

introduksjonstenesta.


– Dei jobba som heltar. Eg såg at dei var litt flauge i starten, men det var også tydeleg at dei kosa seg, fortel ho.

Det har også vore nokre utfordringar den korte stunda kurset varte.

– At ikkje alle beherskar språket like godt er utfordrande, fordi orda er eit sentralt verktøy når ein fortel, og dermed vil det også avgrense muligheten for å slå seg laus, poengterer Skogen.

Hadde ho hatt lengre tid med elevane er det nokre forteljartekniske verktøy ho kunne tenkt seg å jobba vidare med.

– Eg ville ha fokusert meir på kroppsspråk og blikk, som er svært viktige verkemiddel når ein fortel, konkluderer Anne Elisebeth Skogen.



HISTORIEFTELJAR: Abdiqadir Ahmed Isaq var ein av dei som fekk prøve seg som forteljar under framsyninga i kommunestyresalen.